Fraa By og Bygd.

Tidskrift

aat

Vestmannalaget.

VI.

Bjørgvin.
Hjaa Ed. B. Giertsen.
1871.

1638

*058.1
F841
1871
14

Prentad hjaa Georg Grieg.

Dikt og Sanning.

Dat er ein Hug med Mannen fødd og boren
te kjenna Verdi vidt og breidt ikring.
Fuſt vil han vita, kor hans Heim er voren,
fuſt vil han ſjaa paa alle Heimsens Ting.
Han er 'kje nøgd med dat, han ſeer i Grendi;
dei ſmaa Umſkifti dar, dei Kvardags Hendi,
dei verd han leid av ſnart og lengtar traatt
til nokot, ſom er inkje fullt ſo ſmaatt.
Han ſankar Segner rundt um Land og Rike
um Gamle-Slegti, ſom er longo daud,
um fælsleg Strid, um Kjempor utan Like,
um trufaſt Kjærleik i dan ſtørſte Naud.
Men endaa vil dar meir te roa Hugen.
At myket ſtort er hendt, kann vera væl;
men kvat kom ut av all dan Kjempe-Dugen,
maa tru, han gjorde Verdi glad og ſæl?

Dat vilde Mannen helst i Segnom finna,
at kvar Mann foor si høvelege Ferd,
at dan, som hadde Retten, skulde vinna,
at dan fekk Reffing, som var Reffing verd.
Han vilde og, dar skulde vera Gaman
og større Fynd og fleire Skifte paa,
at smaatt eg stort so skulde ganga saman,
at kvar seg sjølv i Spegel kunna sjaa.
Og difyr' er dar Sogor saman-setta
um alt, som Mannen heve sett og frett;
di er dar Dikt, som lata Hugen gletta
langt ut um alt, som Augat heve sett.
Fraa fyrste Tidi hava Skaldar sunget
og Sogo-Menner talat yver Bord;
dei saag, at Folket hadde til dei trunget
og lydde paa og lærde kvart eit Ord.
Væl fyre Skrift og Bøker var dei aude,
men endaa Songen Veg til Folket fann;
og Songen livde, sidan dei var daude,
og gjekk i Verdi fram fraa Mann til Mann.
Ja, deira Namn er longo-sidan gløymde,
og ingen veit um, kvar dei fekk si Grav;
men dat dei tenkte, dat dei song og drøymde,
dat kann ein endaa høyra Herm utav.

Og Kunsten steig, og Sogorna vart manga,
og Skalden steig i Livet lenger inn;
dan inste Tanken sjølv han vilde fanga
og maala Mannsens heile Hug og Sinn.
Han gav ei Spegling ut av Last og Dygder,
av Liv og Livnad gjenom By og Bygder,
av Elsken, som held alla Prøvor ut,
av Leik og Lyst imillom Sorg og Sut;
ei Herming etter Lagnaden i Livet,
ei Tekning etter Verdi, som ho er,
ein Spegel-Blink av Mannen og av Vivet,
som kvar sin Lut og kvar si Lukka fær.

Og naar ein rett paa slike Herm vil høyra,
so gaar ein væl: d'er meir en berre Draum.
Ja, kom i Hug, naar med eit merksamt Øyra
du gav paa eit av beste Diktom Gaum;
og naar dat daa so heppelege hende
(eg trur dat heve hendt so mangein Gong),
at du ein heilag Hug i Barmen kjende
te løysa dei, som ligg i Tvang og Trong,
te hugga dan, som ille med er faren,
te bøta paa all Skaden som er gjord,
te sjaa som Systkjen heile Folkeskaren,

ſom ſviv ſo vida paa Guds fagre Jord:
daa hev' du vœl paa deſſe Stykkjom merkat:
dei gjorde Hugen mjuk og mild og kyrr;
og kanſkje ſlikt hev' ogſo nokot verkat,
at Verdi er 'kje meir ſo vill ſom fyrr.
Og ſaag du dar din beſte Tanke teknad
ſo ſkilleg, at du inkje ventad' ſlikt,
daa fann du og, naar alt er ſaman reknat,
at dar kann vera Sanning i eit Dikt.

So ſkal dat vera. Sanning ſkal dar finnaſt
i alt, ſom Mannen feſter Hugen paa.
D'er Sanningi, me fyrſt og ſiſt ſkal minnaſt,
d'er dan, me alltid trenga meſt te faa.
Som Braud i Munn er Sanning fyre Saali:
vœl hard og turr ho ſtundom ſmaka vil;
di ſkal ein hava Skifte paa med Maali
og ſupa nokot ſøtt og ſmaklegt til.
Og ſo ſkal Hugen Mjød av Minnet taka,
av beſte Blomen ſkal han ſuga Saft,
til deſs, at Sanningi ſkal betre ſmaka
og ſmjuga inn og giva Saali Kraft.

D'er ſtundom, Sanningi er vand aa finna;
ho ligg ikj' alltid midt fyr' Augom berr.

Tidt naar ein vil dan rette Skatten vinna,
so lyt ein leita baade nær og fjerr.
Dat henda kann, at Gull kann liggja løynaſt
i Skroot og Skrap, dar ingen trur dat finſt;
og ſo med Sanningi dat og kann røynaſt,
at ho kann liggja dar, ein vonar minſt.
Men Gull er Gull ſo vœl i Fille-Dungen,
ſom naar dat ligg i fine Perle-Pungen;
og Sanningi er like kvit og bjart,
um dan, ſom fram bar, er baad' ſtygg og ſvart.

Dat finſt og falſke Malmar, ſom er blanke
meſt likſom Gull, og ſtanda høgt i Priis;
og mang ei Villa, mang ein galen Tanke
er trudd ſom Sanning og paa ſame Viis.
Dat ſom er høgſt og meſt i Augo blenkjer,
dat var dat jamnaſte, ſom Hopen drog.
Te fylgja Straumen er dat kvar Mann tenkjer;
dat er dan ſtore Viis, og dat er nog.
Ja, Verdi heve ſtundom løgna Grillor,
te tapa Skin er hennar ſtørſte Tap;
Skin ſkal dat hava, um d'er berre Fillor,
ſtort ſkal dat vera, um d'er berre Skrap.
Dat kling ſo ufjelgt og ſo ilt i Øyra

te høyra alt med rette Namnet nemnt.
Di er dat so, at Folk læst inkje høyra
og berre stemna, som dei hava stemnt.

Dat hender tidt, naar ukjend Sanning dagast,
at hennar Ljos er inkje alle kjært.
Dei ottast, at dar skal ei Møda lagast
med nye Ting, som inkje dei ha' lært;
dei undrast paa, at nokon skulde vita
ein Veg, som inkje dei ha' kunnat sjaa;
dei harmast paa, at nokon skulde gita,
at dat var rangt, som dei ha' trutt uppaa.
So gjeng dat til, at mang ei gamall Drøsa
kann vera lengje trudd og havd so kjær
og fyre-stridd og vard med slik ei Øsa,
at d'er eit Vaagespel te koma nær.
So gjeng dat til, at Sanningi maa strida
so tidt imot ein stor og herdug Hop,
at ho maa stundom fara stilt og bida
til dess at Hopen tagnar med sitt Rop.

Dei segja, Sanningi skal alltid vinna.
Dat kann so vera. Giv dat var so vœl!
Med langa Tider kann so mangt seg finna,
og dan, som trur dat beste, han er sœl.

Men eitt eg veit, som alt for ofta hende:
at Sanningi var ut or Sætet kjøyrd;
ho møtte Spott og Spe, kvarhelst ho vende,
ho hadde ingi Von te verda høyrd.
Dat er ei Synd, ein Harm, at slikt skal henda,
men d'er ein Skipnad, som er vond at venda.
Naar Urett eingong komen er paa Fot,
so vil dar Styrke til aa standa mot.
Dei som ha' Magt aa sthra Fyretaki,
dei hava ogso sine Mein, dessverr;
tidt kann dei hata dei, som føra Saki,
tidt veit dei inkje sjølv, kvat Sanning er.
Daa er han usæl, som er komen under;
daa er hans siste Von i myrka Stunder,
at Borni hans med Tidi kunna faa
dan Fagnad, som han inkje sjølv fekk sjaa,
at naar hans Aadrar kalda er og storkna,
naar Beini hans i Moldi liggja morkna,
daa skal dat koma fram, som væl var gjøymt,
men inkje ut=rudt, inkje helder gløymt.
Daa skal eingong dan ljose Dagen spretta,
daa siste Bandet skal av Fangen detta,
og Sanningi, som fyrr var arm og veik,
skal ganga fremst og standa kjøn og kjeik.

Ja, dar er Styrkning i dan ſtore Voni:
dan, ſom lid Urett, ſkal vœl Umbot ſjaa.
Fyr' alle Støytarne, fyr' alle Tjoni
ſkal Sanningi daa eingong Sigren faa.
Dan ſtolte Muren halla ſkal og ſiga,
ſom reiſt var paa ein rang og roten Grunn;
og trauſt ſom Berget ſkal ein Bygnad ſtiga,
ſom ſtanda ſkal, til Verdi brotnar ſund.
Dan Malmen, ſom laag vanvyrd, undan kaſtad,
ſkal vera prøvd og inkje lenger laſtad.
Dan Stein, ſom Bygningsmennerne ſkaut ut,
ſkal vera Hovud-Hyrneſtein til Slut.

Paa ſlika Voner ſkal ein Diktar kvila;
dar ſkal han ſøkja Mod og Magt ifraa.
Um andre tvila, han ſkal inkje tvila
paa dat, dan gode Sak ſkal Vinning faa.
Um Retten rengjeſt, alle Bond vil rivna,
og Sanningi ſeer ut ſom ſvœvd og kvœvd,
han ſkal daa tru: ho ſkal vœl atter livna
og draga Magt og faa ſi fulle Hœvd;
og etter Sorgi ſkal dar koma Sœla,
og etter Kov ſkal Soli ſkina bjart,

og dei skal fata Mod, som fyrr tok Fæla,
og dar skal vera ljost, som fyrr var svart.

Men skoda skal han gløgt igjenom Livet,
at han kann sjaa, kvat Rett og Sanning er.
Han skal forsmaa dat klene Kvardags Kivet,
dar stundom ingen veit, kvat d'er han ver.
Han helder høyra skal, kvat Soga segjer
um Folke-Slegti fraa den fyrre Tid,
um hennar Framgang paa so ymse Vegjer,
um hennar Tap i faafengt Strev og Strid.
Dat lause fraa dat faste skal han sundra,
paa Skal og Kjerne skal han gjera Skil.
D'er mangt so blankt, at mange maa seg undra,
men Glansen varer berr' eit litet Bil.
Dat gjeng so stort eit Ord av mangt eit Hende,
men d'er 'kje mange Aar, fyrr alt er gløymt,
dat rette store fær 'kje slik ein Ende,
dat held seg vel i mange Minne gjøymt.
Inn under Skalet ligg eit Frø og løynest,
d'er alltid likt og heve same Lag.
Dar skifteſt Folk, men Folke-Hugen røyneſt
alt lik seg sjølv inntil dan siste Dag.
Vel vendeſt Mannen etter Tid og Tame,

og Sanningi kann faa ein ymis Lit;
men Mannen er daa innantil dan same,
og so er Sanningi i Mannsens Vit.
Dat som ligg djupast i Almennings Hugen,
dat yngjest upp og held seg alltid nytt;
dat heve same Liten, same Dugen,
kor gamalt d'er, so er dat tekt og tydt.
Og slikt er kjært og hyggjelegt aa vita:
Me kjenna dat, som andre hava kjent;
me veit kvat d'er, so snart dei Namnet gita,
dat stend i Hugen, som dat stod paa Prent.
Dei Tokkarne, som draga oss og driva,
dei store Kjensl'or, som i Barmen bu,
dei djerve Tankar, som um Verdi sviva:
alt slikt er aalment, meir en mange tru.
Ja, dar er baade fatige og rike
og smaa og store Folk mest alle like.
Um ein er nog so litet lærd i Bok,
i slike Spursmaal er han lærd og klok.
Dar heve Skalden baade Tuft og Timbra,
dar kann han byggja baade høgt og veent.
Og kann han stiga høgt og inkje svimra,
so hev' han høgste Skalde-Namnet teent.
Men tryggar' er aa byggja trausl paa Tufti

en reisa Spildre-Verk i lause Lufti.
Lat Hugen gjera nog so kaate Kast,
han skal daa halda seg til nokot fast.
Lat Skalden høgt som Ørn i Lufti sjuga
og skjota kvasse Blink til kvar ein Kant,
men inkje skal han drøsa elder ljuga;
alt skal dat vera sømelegt og sant.
Med Ungdoms Kipna kann han gjerne tekna
so ville Syn og Draumar, som han vil;
men som ein gamall Kaupmann skal han rekna
kvat Gagn dat maa altsaman koma til.
Fyrst skal han sjaa paa Gagn og so paa Gaman,
og er dat so, han alt ods giva kann
med Ungdoms Mod og Alders Viisdom saman,
so skal me kalla han ein Fagna-Mann.

So skal dat sylgja saman, Dikt og Sanning;
dat eine styrkja skal dat andre stødt,
at Folket paa dat rette maa faa Kanning,
og dat maa verda fast i Hugen rott;
at Saalar-Syni klaarna kann og vidna
og sjaa, kor myket veent i Verdi er;
at inste Hugen mjukna kann og blidna
og faa dan heile Folkeslegti kjær;

at falſka Truer kverva kann og ſlakna,
og ærlegt Vit og ærleg Vilje vakna,
og Ungdoms Hugen verda før og ſterk
til ſtore Tankar og til gode Verk.

Dette Skaldeſtykket hava me funnet i „Nyhedsbladet“ fyre 1855. Daa me las dat, kom me i Hug, at dat trulege kann hava gjenget med mange ſom med oſs ſjølve, at dei inkje hava trefft til at faa leſa Diktet. I alle Tilfelle vil dat vera ukjent fyre fleſtalle unge Maalmenner. Dat er uvandt at kjenna atter dan kjære Handi, ſom heve ſkrivet dat fagre Diktet. Detta vil tvillauſt ogſo auka Hugnaden fyre Leſararne, ſo at me tykjeſt hava tvifald Grunn til at taka dat upp i Skrifti vaar.

Til Jol.

Ei liti Tavla ifraa Nordland.

Det er vel litet ventande, at Sørlendingar vil lyda paa ein Nordlandsgut, som forteler um Skikkar heima. Landsens Vilkor er so ymse, og dei nationåle Tankarne maa stræva seg fram paa ymse Maatar. Vil ein daa berre tenkja paa det han ser, kjenner han seg stundom som framand paa hi Sida Aasen. Men det er galet, det. Ein lyt sjaa til at faa Tak i Tanken, som arbeider upp under. I den Understraumen vil han finna seg sjølv og sitt eiget Liv atter og faa Minning paa si eigi Gleda. Detta vilde eg fyreorda meg med. Ber Folk inkje Kjensel paa Jola-Sed i Nordland, so vil dei likavel kjenna den gamle norske Helgar-Tanken atter. Lengje fyrr Folket vaart fekk Kjennskap til Kristus, var Joli den største Høgtidi. Til denne Helgi var det

Reidflor ſtora og goda. Og ſo er det og ſidan, etter at Joli gjenom dei lange Aldrar heve vakſet inn i Folketanken med ein kvitare Lit og ein mjukare Tone. I Grend og Gard, i Hug og Hjarta lyſer denne myrke Tidi med den ſkiraſte Glanſen gjenom heile Aaret. Spyr ein etter Grunnen, vil det mangt Svaret finnaſt; ſumt er det vel, ſom inkje kann greidaſt. I Nordland er denne Helgi og ſom ein ſtor Velfar-Dag. Naar Trettand-Dagen er liden og han „Knut faren um", lyt kvar arbeidsfør Kar i Lofotbaaten; Preſten lyſer i Kyrkja Velſignad yver deim og bed deim vel fara, baade den ſom fer og kjem, og den ſom fer og inkje kjem, og kven veit kor det kann raaka. Tanken paa det, ſom ligg attanfyre, gjere Høgtidi meir høg.

I Manns Minne og myket lenger tilbakar heve Folket lagt ſeg ut um at faa denne Helgi ſo fin og fjelg, ſom det var Raad til. Alt det Huſet formaar, og vel ſo det, lyt leggjaſt til. Daa er det Rett at krevja det gildaſte ifraa Fjoſet og Sjoen. Kann inkje Budeigja faa Nyber-Ku til Jol, er ho ei veſal Krøkja og fortener den Straff at ſitja paa Fjoſtaket Jolanotti. Likeins lyt Drengjen driva paa Nauſttaket, ſoframt han inkje heve Kveita paa Jolaftans-

Bordet. Slik Skam maa dei hava seg undan; og kann det laga seg so, at Drengjen attpaa fær lura Kalven ifraa Fjos-Folket, vert det stor Moro, og likeins paa hi Sida.

Det Aaret, her kjem i Røda, var eg endaa berre Smaaguten. Karsarbeid var eg inkje god fyre. Men so hjelpte eg til baade med Sjoen og i Fjoset. At vera med til Utrors, var den største Gleda mi, og det var slett ikkje trøysamt at bera Vandlarne elder moka, bera Vatn aat Kyrna, standa paa Laaven i Lag med Tausi og treska paa Jola-Halmen med Litl'-Sloga. Men ho Mor baud det so, og so fekk eg baketter Lov til at støypa ein stor Trikongar, daa det var Ljos-Støyping, bera Uppskoka aat Grannafolket, daa Jol-Ølet hadde gjenget ifraa seg, halda i Trekti, daa han Far trektade det paa Tunnorna, baka ein stor og gild Finbraud-Fugl, daa det var Omn-Baking, og leggja Jola-Veden i eit høgt og jamnt Lad, daa Gamlingen hoggde, og meir slikt. Det var Jol i alt, i alt Arbeidet og endaa meir i alle Tankarne og Lengslorna.

Nett den same Tidi var ho Stutt-Rakel Teneft-Taus hjaa oss. Ho kom dit ifraa Skiparfolket. Detta gjorde ho seg til av og vilde skipa alting, som ho

hadde det i Rikmanns-Garden. Ho Mor viskade sjølv Feet, og so vart det inkje Vald at faa i Fjoset; men daa det leid midt inn i Jola-Staaket, fekk ho Rakel heile Stellet, — ho Mor hadde inkje Tid, — og eg skulde vera Under-Budeigja. No var vel Gjenta gild; ho kjende inkje den Foten, ho skulde standa paa. Me tvo, sa' ho, skulde halda ihop. Men soor eg og drøste um slikt, som kunde henda i Fjoset, skulde eg verta so hydd, at det kunde berre vera lika godt. Ho hadde ei Nyber-Ku ventande. Det maatte ingen faa vita um det. Naar Jolaftan kom, vilde ho bera Kalv-Kjøtet inn, og daa hadde ho fridd seg ifraa Fjostaket. „Berre dæ no ikkje gnett i deg!"

I same Fjoset stod og Holls-Kona si Ku, og kvart Maal var ho der nede og mjølkade. Det var inkje den finaste Venskapen millom henne og Rakel. Kjeringi let altid illa um, at Kui hennar fekk so smaae og klene Vandlar; Gjenta var harm, for den andra var slik ei Sladre-Bytta. Dei unnte kvarandre lika godt. Strakst Gjenta hadde fengjet Kui si, var Holls-Kona mesta som sjuk, fyrr ho fekk bera det ut. Det høvde ogso godt til ein Kveld, at Drengen og han Far stod ute paa Tunet, og med

di ho strauk inn, ramlade ho ut av seg: „Jau ho Stutt-Rakel ho friar vel seg; men kannskje du faar dans' paa Naust-Takjet!"

Av denne Kvistring-i-Høgmaal, meinte Gamlingen, kunde dei faa Moro, og vart Gjenta fyre ei retteleg god Pretta, fekk heile Huset det trøysamt i lang Tid. „Slikt Slag, Ivar, ber du deg godt aat, so Gjenta lyt paa Fjos-Takje, ska eg kostæ deg eit lite Lag, naar du ska ha Prest-Handæ paa deg." Guten vart med ein Gong so glad som ei Smør-Øskja, og meinte som so, det kunde vel laga seg. Det skulde no ingen segja, at han Ivar var nokon Klyppar paa Vitet, og Folk kann inkje undrast paa, at han i den Stundi var litet umtenkt paa det, som kunde raaka, naar han lagde Ufreds-Raad imot Fjoset og Fjos-Agtaren. Men han gjorde daa likavel eit godt Tiltak. So snart skje kunde, var han aa Stad og gjorde seg Vener med Holls-Kona. Ho var med honom paa Kammerset hans yver Burs-Svali og fekk Skjænk og Berns-Kringla*) og annat Godte.**)

*) Berns-Kringla — Bergens Kringla; likaso Berns-Blom: Stas som Bergensfararen bringer heim.

**) Kakor, Bakkels av eitkvart Slaget.

Ingen visste um denne Raad=Taking; inkje ho Rakel helder. Men Tanken hadde ho med seg og gløymde inkje, at i denne Tid var det alt til at gruva fyre. Dermed laut ho vera vak og var. Kvar Kveld tok ho sjølv Fjos=Lykelen av og hadde han i ei Gøymsla, som berre ho og eg visste um. Det synteſt inkje likt, at nokon skulde sjaa seg Legde*) til at snyta han ifraa oss.

Litle Jolaftans Morgon kom Gjenta inn paa Loftet og ruskade meg upp. Det var i so tidleg, som vanleg Upp=standar=Tid var. Augo mine var lenge smaae; men eg kom daa til Slutt paa standande Føter, og daa vart eg strakst var, at det liksom drog urolege Skyflokar yver Andlitet hennar. Det var Folk inne, høyrde eg. Daa eg var nedkomen, fann eg Drengen og han Far i fullt Hyr og med Sjoſtøvlar paa i Stova, og ho Rakel i Kjøket. Ho hadde Kalvdrikka paa, og daa det var lydt og me skulde aat Fjoset, raakadeſt me og Karmennerne i Dyrenn'. Gjenta var inkje blid og vilde vita, kvat dei for og rende etter so tidleg Dags. Drengjen gjorde seg vond og reiv ut or seg: „ke du

*) At hava Legde: sjaa seg Utkoma med eitkvart, hava Raad elder Tid.

vill daa?" Men Gamlingen fortalde, at dei hadde nokre Sildgarn ute paa Storvikenn'. Dermed fekk me lata ofs lita. Men med det ſama dei gjekk ſin Veg, ſette han Ivar upp ſlik ein leid Smaa-Glis, at baade Gjenta og eg ſpaadde ofs illt av denne Otta-Renning. Ho for ſo faſt fyrre, at eg ſnaudt nog vann fylgja. Lykti, ſom ho bar i høgre Handi, ſette ho ned og ſtakk Lykelen i. Daa merkte ho, at det ſtore Tre-Laaſet berre var hektat aat, ſo heile Staſen rauk i Fanget paa henne, juſt ſom ho vilde draga Loka ut. Fjosdyri paa vid Vegg. Det var løgjelegt at ſjaa ho Stutt-Rakel. Ho ſtod ſom Gjeiti i Einſtig, — viſſte korkje att elder fram; det kom ſo uventande. Endeleg bar det inn, og det fyrſte ho gjorde, var at ſjaa aat Kalvſtakken.*) Kalven var inkje der. Lenge vart ho ſtandande og drog i ſeg; til Slutt ſmall det lauſt: „Kor i Better-Dævel e dæ vørten a Kalven? Kem dæ e den Kjeltringen, ſom ha vøre her? Trur du ikkje, d'e han Troll-Ivar, ſom e Skjælmen?" Og ſo ſlo ho i Stakka-Rimarne, ſo det ſkrall i Fjoſet.

Løgjelegt var det ute, men verre inne. Eg ſtod

*) Stakke, eit Rom i Fjoſet aat Sauderne elder annat Smaafe.

attanfyre Baasladet paa andra Sida og gliste. Men so tok eg meg paa Tak og gjekk framaat, bad henne fint um aa gjera seg blid; me fann vel Kalven atter, — minnte henne paa det, som han Far hadde sagt um Bannskap og Utnamn. Drengjen var innan ifraa Fjorden, og daa han kom aat oss, hadde han „Troll"-Namnet med, for han var eit Storsinne. Men Gamlingen sagde, det skulde inkje høyrast i hans Hus, inkje Bannskap helder; fekk han vita um slikt, var han inkje lang til at tøygja.

Ho tok strakst til Vit, og daa me kom oss til Arbeids, saag me Liknaden til Aatferdi hans. Det største Bu-Holket var burte; Løda-Dyri stod uppe og Høyet laag frampaa Golvet ikringtamsat. Det rimade godt ihop altsaman, og ho lovade, at me vel skulde lyska og leita, til han fannst. Daa det var gjort av med Moking og Mjølking, var ho etter Hamar og Firtoms-Spikar, leitade upp Laaset og Kramparne, som laag kastad burt i Skavlen, spikrade godt aat og nykte innantil. Hadde berre det voret i god Stand fyrr, skulde dei inkje tekjet det ifraa so lett, tenkte ho, gav seg so paa Leiting, og kring-um foor ho i kvart eit Hol; men stakars Gjenta, — ho vart lika vis. Anten hadde han dreget Beistet

til Sjoen, elder han hadde gjøymt det uppaa Kammerset sitt, — der var det stengd og Lyklen av, — elder Holls-Kona hadde tekjet Kalven inn aat seg; det var det rimelegaste; men upp skulde han: „bi berreste, te Dagjen kjem!"

Inne var det myket at krossa med. Stova var inkje skurad og Veven stod endaa uppe. Den yngste Syster mi, ho Else, som endaa var heima, hadde kjepptest med ein Stubbe, som endaa stod atter paa Veven, og soleids vart det drygd i lengste Passen med Vaskingi, som ellest var imot Skikken i Huset. No var han komen til Nedklypping, og medan ho Else og eg heldt paa med at bera Vev-Leinarne ut, vart Tausi tilsett at hengja Halvtunne-Gryta paa med Vaskarvatn. Vev-Stolarne hadde Plassen i Burs-Svali. Der baskade eg nett paa med at faa Vevbriki*) upp i Roi; so fekk eg høyra eit Staak og ei Trapping upp aa Loftet; det kom so braadt, og eg var endaa rædd Tursen, eg var inkje eldre Karen. Men som eg var paa med at hava meg utor det myrke Holet paa fri Mark, tok det til at laata so illt og løygjelegt uppe: „Mø—ø—ø!" — Jaso, stod det soleids til, tenkte eg, og

*) Den Fjøli, som Vevkona sit paa.

inn fauk eg med Bod, og kor det no stod paa med Skuringi, so laut ho Rakel ut og ned paa Buret. Luka var atterlati, og uraadelegt var det at brjota Laas. Men Gjenta saag seg inkje forraadd. Stor-Stigen stod 'kje langt ifraa; Klype-Tong og Hamar var snøggt hentad; Glaset, som var spikrat aat utan-til, var lett at faa ifraa, og inn smatt ho. Der stod Bu-Holket med Høyet i. Det var so vidt, at Kalven godt fekk Rom; men Kulden hadde tekjet den stakars Kryppen, og so hadde han komet seg fram paa Golvet og verkat so ut, at d'er Skam at segja i skikkelege Folks Hus. Gjenta gret inkje, det er baade visst og sannt. Luka var god at faa upp innanifraa, og snar var ho med at faa Krøturet i Fangjet og hava seg ned. Paa ein Nabbe hekk Var-Lyklen aat Naustet. Den kunde vera fælt god at hava, tenkte ho og nappade den aat seg, slamrade so Luka i Laas, og no var Kalv-Ungen stakar strakst i Stakken sin, og so bar det til paa nytt Lag med at skura.

Det leid ei Stund, og Karmennerne kom til Gards med Koke-Sild. Dei fekk no inkje Fred, fyrr dei hadde gjevet Greida paa, kvat dei hadde gjort so lengje med Sjoen. Paa dei mange

Spursmaal um Gangvad og Kveita svarade dei inkje. Det var Garnupptaking og Avtining, som hadde heftat. Daa dei hadde fengjet seg Mat, bad Gamlingen um alle Mat-Jungarne og Knivarne ellest, som skulde hava Sliping til Jol. Dei hadde Litle-Steinen i ein Stamp og heldt so til inne; han fraus ute. Han Ivar hadde Lofot-Sakset sitt med og ein Brote Toll-Knivar. Detta var vanlegt Arbeid paa Fyremiddagen um Jolaftan, og Kvendfolki tykte det var undarlegt at sitja med slikt so seint. Etter Sliping kom Heining, og daa det var gjort, strauk dei ut med kvar sin Kniv og stillade seg ned um Sør-Novi. Gjenta hadde det i seg. Besst som dei var komne seg paa Marki, spratt ho ned og ut i Kammerset. Der kunde ein betre sjaa Buret. Ho Mor meinte, det var likare at faa Vaskingi ifraa seg en at renna att og fram. So maatte ho Rakel fram med alt ihop, og no bar det ut til henne med alle saman. Det var greidt, at Guten no vilde ned og tyna Kalve-Beistet, so det slapp at frjosa lenger. Men inne vart det inkje langt Lereft at bleikja. Daa dei synte seg paa Troppi atter, kom han Far flirande, han kunde inkje bletta*). Den andre Karen var inkje i det

*) halda seg.

Laget. Skam og Harme og Modløysa laag som Daud-Myrkr yver det trutne Andlitet. „Ja detta va daa greinle ei god Tørr", sagde ho Stutt-Rakel og lo so det ingen Maate var paa og dei andre med. Daa Gamlingen let upp Ytr-Dyri, var Kvendfolki komne seg til Arbeids atter.

Strakst yver Middags-Leite hadde baade Karmennerne Ferdest-Klede paa seg; dei skulde yver Fjorden aat Gast-Givaren og handla til Jol. Naar dei so kom heim i Kveldingi, var dei meint paa at draga upp Byrnskapen, som var utsett; men detta vart inkje talat um i Garden. Som dei stod nede attved Naustet, kom han Andres i Klipa og skulde same Vegen. Han Far tykte, det ikkje var nokot at hefta seg med, naar Grannen vilde draga, kor som var. Dei bar daa nedaat Baaten hans nokre Voger Raaskerding og nokot raa Fisk, gav honom so eit Flaska-Fodr og ei liti Bumba og gjorde Greida fyre det, som i skulde vera, og so skuvade han ut. Gamlingen bad no Drengjen ganga upp aa Neset aat Husmannen og faa ein av Gutarne hans til at springa upp i Garden etter meg. Detta stod no snøggt av. Med Sjoen var det mange Smaating at stella med, so det var Arbeid nog aat dei, som

ventade. Av meg vilde dei no fyrst vita, kvat Kvendfolki heldt paa med, og eg maatte daa ut med det, som sannt var, at ho Rakel var sett til at tyna Kalven og so ganga i Eineskogen og finna Bar til Jol og dei andra var paa med Krenelbaking, og at Brorkona mi paa Moen var komi upp og skulde vera i Laget med.

Det var uvant at sjaa paa han Far og Drengen, at dei netupp hadde fengjet Grein paa det, dei vilde. Ei stor Gleda var det aat meg, at han Far vilde taka meg med paa Sjoen; han var so spaken med Ve'ret, at eg godt kunde andøva. Drengjen skulde hava denne Kvelden fyre seg sjølv. Han fekk no leggja Hovudet i Blot, meinte Gamlingen; det var greidt, at Gjenta maatte langt før i Marki, til ho fann Snjoen avfoken, og det vart visst ei lang Øva, fyrr ho vann seg heim. Hadde han no Heile i Hausen, kunde det endaa bi Raad med at faa Gjenta paa Fjostaket. Glad vart Drengjen, so det var grove Ting, og daa det alt var paa og skymdest, diltade han trast upp etter Vegen. Ei liti Blinka etter lagde me Kosten og Kleppen i Baaten og rodde nordigjenom, til me i Maane-Skinet fekk sjaa det store Spaamanns-Dublet siglande paa Smaabaarorna.

Det vilde vera tvert imot gamal Sed og Vis at leggja ut um Med og Fiskestød, og for langt vart det ogso her at segja fraa um alt det, eg saag og hygde, den fyrste Gongen eg var med paa Kveite-fiske. Verre den Tingen kann eg fortelja, at me hadde Lukka med oss og fekk ei kjækk liti Kveita, so ein Villings-Fisk*) paa Lag. Det var eit stort Bask, fyrr han fekk Motgangsonglen i henne; men Gam-lingen var just Karen sin, som hadde voret i slik ein Viking fyrr. Tri Vendor hadde han henne moteſt**) under Ripa, so dansade ho ned atter; men han fylgde henne varlegt, lenade paa Taket, gav etter, til han smaatt um smaatt vann lokka henne paa Uppvegen atter, og Slutten paa denne Krig vart so, at han med ei stød og kring Hand smurde Kleppen i henne og lettade henne fint inn i Romet. Det var Stridsmannens gode Umtanke og Lag fraa fyrst til sidst. Ho likade seg inkje vidare med Fan-gahuset, — slo med den sterke Sporden so hardt, at Ettertofta rauk i mange Molar. Men snart hadde Vinnaren Sakset i Hjartat hennar, og den fagre

*) Ein Fisk, som korkje er stor elder liten, so nokorlunde midt i Laget.

**) mesta.

Fiſken, ſom ein kunde likna med den finaſte Prinſeſſa, gjeiſpade Livet ut, medan Hjarteblodet gav Sigrdrykken og vigde oſs til ny Stridslukka.

Ein fin Landvind graaade*) paa nedyver Fjorden, og medan han heſpade Nord-Ilen inn, maſtrade eg og rakkade**) aat. So lagde me den gode Ranværingen vaar paa Framvinden,***) og yver dei gylde Baarorna gjekk det ſom ein Dans. Seint ſkal denne Kveldſegling gløymaſt; Maaneglanſen paa den baarutte Fjorden, paa dei engla-kvite Strenderna, paa dei glade Jolatankarne i den hoppande Baaten, paa dei kvite Jola-Lengſlorna i dei ſtaakande og ſtrævande Hyttor „utmed Havet".

Den fyrſte, ſom me møtte i Land, var Guten vaar. Gleda var det paa baada Sidor. Um honom er det ſtuttaſte at ſegja, at han lagde til Gards, daa han var ſtød paa at Taufi var komi ſeg aat Markjenn'; Hollskona hadde fortalt, at Kalvkjøtet viſſt og ſannt var gjøymt paa Buret; i Kjøket var det ſo myket Kvendfolk-Prat og Staak, at dei aldri hygde paa annat en ſeg ſjølv; etter Leiting og Um-

*) verta Graae elder ſmaae Vindbaaror paa Sjoen.

**) ſnøra Raai nærmare aat Maſtri.

***) Sidevind (motſ. Undanvind elder rom Vind).

snuning i Buret hadde han langt um lenge fengjet sjaa ei Tunna nedst i det store Ladet med ein Blod-Flekk paa Loggi; der hadde han raakat rett paa; alla Tunnorna hadde han skipat i same Laget, og Kalvskrotten hadde han nedleſt i Kista si og Lykelen i Luma.

Gamlingen gjorde til og hengde Fisken upp innar i Naustet, trodde so upp Vottarne i Fjæra og bidade ei Stund paa honom som var burtyver. Daa me kom heim, trudde daa Kvendfolki, at me hadde voret hjaa Gast-Givaren alle tri; men me hadde liti Grein at gjera paa Jolahandelen og Fisket, som dei spurde um. Ho Rakel fekk god Greida likavel; ho visste, at Vottarne som ho saknade kunde fortelja. Daa ho inkje saag likt til deim, var ho burtpaa Trøya til Husbonden, og det var tydelegt at kjenna Kveitelukti. „Ja — ja," tenkte Gjenta; „dei vilde jaga meg paa Fjos-Taket; no skal dei sleppa at koma med sina Naser der, eg heve Kalvkjøtet; men agta deg Ivar! eg kunde vel gjera deg ei Pretta."

Notti lagde sin Milde ned yver dei trøytte Tankar. Den Kvila er søt, naar ein likſom fær leggja av seg al Møda og Lengsla i den Vissa, at næste Morgon læt eg den myrke Dyri atter, og

daa stend eg ved den ljose Vegen, som eg stundade so lenge paa. Eg heve aldri stadet upp med den Gleda, som Jolaftans Morgon heima. Rundt ikring kviskrade det aat meg: no er Jolaftan komen, sannt og visst Jolaftan.

Men han Ivar vaknade inkje so glad han. Husbonden hadde um Kvelden spurt etter den andre Naust-Lyklen; men han kunde slett inkje finna den der nede, som han trudde den var upphengd. Daa alle var til Svars, spurde han etter Lyklen; men ingen hadde set den, og Budeigja gav so rangvise Svar, at det bar reint burt i Hør og Heim. Gamlingen drog Mistanke paa henne. Dei samraaddest daa han Ivar og Husbonden, at ein av deim laut vera i Naustet heile Dagen, minder kunde dei inkje vera trygge. Paa Morgonsida var det so myket at laga med, at dei hadde Arbeid baade tvo.

Daa det leid til Middags, gjorde ho Mor meg til Sjoen med Matbod. Han Far fylgde med heim paa Timen; Drengen skulde vera i Naustet og gjæta, til Gamlingen kom atter. — Guten var gagnleg til alt Landsarbeid; men Sjoen var han litet van med. I Naust og Baat saag han inkje nokot

aafaatt*) og visste inkje at taka seg nokot til. Paa det Laget vart han no snart gangande arbeidslaus. Det var eit godt Stykke heim; han Far var og alt nokot gamall, det var 'kje ventande, at han so snarleg skulde koma atter. Fraus gjorde Guten og han tok so smaatt til og vart svang (svulten); han tenkte paa Middags-Maten um Jolaftan, den gode Mølja, og det vart altfor langsamt der aaleina. Skulde han venta, var det likast, meinte han, at ganga upp i Skipars-Garden. Den laag midt paa Sjovegen vaar; der kunde han sjaa kvar og ein som anten gjekk elder kjøyrde til Sjoen. Det var og ein annan Veg, Øvrevegen; men den var inkje upptrodd, og ei Gjenta kunde umogeleg grynna seg fram i den djupe Snjoen, meinte han. Det er og at segja, at det var eit Knot millom honom og Inngangs-Tausi i Skiparsgarden. Ein stor Gjente-Ferel hadde han voret al sin Dag, og den Stundi, han ingen Tingen gjorde, kunde han daa nytja betre. — Med Naust-Lyklen paa seg strauk han Vegen uppyver.

Jolaftan lyt alle Sengeklædi og al Sengehalmen ut og nytt i Staden i kvar ei Seng. Daa

*) som vantar.

han Ivar kom drivande, raakade han netupp Gjenta si uppaa Laaven; ho stappade ny Halm i ei Klokka (Stakk). Der vart han no standande; um han gjætte godt paa alle, som kom og gjekk, det skal vera usagt: ventelegt var det vel so ymist med di; men det veit eg visst, at han tykte vel um seg, for der fekk han Jola-Traad og Luggeband, og der fortalde han um Husbonden sin Lovnad og ho um Stor-Dansen, som Skiparen skulde gjera Tredjedagen og meir um slike Ting.

Daa Gamlingen kom, møtte han Drengjen sin der i Skiparsgarden. Han let inkje vel um Gjæ-tingi hans; naar han for so aat, meinte han, kunde Kvendfolki snart gjort deim ei styg Pretta, — berre dei hadde voret ut-um seg. Det trudde den andre Karen, han skulde svara fyre.

At vera ut-um seg, var ingen betre lagad til, en ho Stutt-Rakel. Det fekk Husbonden vita, daa han let upp Dyri. Det var Tanken hennar, at dei baade tvo vilde ganga heim i Lag og faa seg Mat. Daa eg for med Matbod, bar det av Stad med henne og, men den hin Vegen; ho fælte inkje fyre Grynning. So maatte ho liggja og lura under Sjaa-Tilet aat ein av Grannarne, til han Ivar tok

til paa Uppvegen. Det vart god Tid til at skjera Raven og Hardhausen ned i den Bere-Kassen, ho hadde med, og at gjøyma Flaki og Ravshovudet i ei gomol Lofot-Kista, som stod upp-aa Naust-Lemen. Verre var det at koma seg heim, so ingen kunde taka henne paa Vegen. Ho maatte vera var. Difyre løynde ho seg attanfyre Vardhaugen, til Husbonden var nedyver Bakken, og endaa ventade ho, til Drengjen var uppe i Garden; daa visste ho, at Mølja og Guten hadde nog med kvarandre. Kassen vart godt gjøymd, og Gjenta var ute paa Arbeidet atter.

Dei var so avtalad, Guten og Gamlen, at ikring Nonsleite skulde han Ivar kjøyra til Sjoen etter Fisken og annat smaatt. So lenge skulde han Far vera Gjætar. Medan Guten bidade paa den Stundi, daa Kveita hans og Kalvkjøtet aat Budeigja skulde fram, fekk dei honom paa Laaven; det var endaa inkje kastat og dryft etter dei sisste Framlag, og ho Rakel kvidde stendig paa, at Laave-Loi endeleg maatte bli rein til Jol; det var fyre Jomfru Maria si Skuld, fortalde ho meg. Og naar han stod med Dryftingen, var han Karen sin. Det stod inkje lengje paa, for Loi var reinsopad. Men so leid det og so frampaa, at Nonen inkje var langt

undan; han lagde Greidet paa Hesten og drog Sleden fram. Som han stelte med detta, fauk ho Rakel inn med sissta Seng-klæde-fanget og vilde vita, kvar han vilde køyra no so seint. Det skulde ho snart faa sjaa; og no kunde han inkje berga seg, men tok paa at skreppa utav Jola-Kveita si. Han slapp at ganga med Naglebit i Nott, meinte han, og firrade paa Hesten og fast for han.

Heim kom han inkje fullt so bratt i Nakken. Alle stod ute paa Durhella og skulde taka imot Guten og Kveita. Daa han kom ned aat Naustet, bar han paa Husbonden, at han hadde voret med og gjort honom Pretta; men daa hin spurde, um han inkje saag Gjenta heima, hygde han seg og gjekk ved, at ho heldt paa med Arbeidet sitt alt ifraa han stod upp ifraa Matbordet. Skuldi hadde han sjølv, det saag han, og ingen kunde han leggja Harmen paa. Det vart myket at svelgja no han stod midt inne i Flokken av dei ertande og glisande Gardsfolk. Ender og einkvar Gongen murrade han berre: „Kjeltringsty!“ Men di meir han snudde den furtne og sære Sida ut, di trøysamare vart det. Gamlen gav henne Rakel Lovord og eit nyt Ortstykke attpaa, fyre di ho hadde voret slik ein Greiding.

No vart ho Stutt-Rakel utruleg høg, og daa det vart Spurnad um ho kunde fria seg, bad ho dei berre fylgja med, so skulde det syna seg, at det var annat Folk i Fjoset en med Sjoen. Det gjekk fortare en eg kann segja det, at langa Ladet ned og undan og faa Tunna uppslegji; men daa ho fekk Botnen paa Kant og saag ned i den tome Tunna, vart ho so stutt og flat som ein Kopartvoskilling; men det let inkje Ordet i Gjenta, for Sjølvarne stod attmed. Det var so løgjelegt, at eg aldri heve set Maken, for ho stod so briskande høgt og datt med ein Gong so djupt ned; og Ulukka var, at Drengjen skulde gjera Nar av henne og at han skulde faa vera den sisste.

Husbonden dømde, at dei hadde voret duglege og djerve, baade tvo; dei slapp med Straff, men so skulde dei skjænkja heile Laget kvar sin Gong. Han bad deim at sli seg; Joli kom snart i Garden.

Freden kom soleids i Stand. Ifraa Skjemt og Moro skundade dei seg alle som ein til den rette Helgar-Gleda. Den friske Eine-Laagen skylade burt al Furting og Smaa-Illske, og fine Sundagsklæde vermde berre ikringum ein ljos Sundagstanke. Det vart sidan sagt, at aldri hadde det voret slik hyg-

gjeleg Helg i Huset, og det, meinte mange, laag myket i det Gaman, som gjekk igjenom Reidsla og Tillaging; det var ein Poesi i Vente-Dagarne, eit Præludium framanfyre den store Høgmessa.

Inne hadde ho Mor kveikt Jola-Ljos. Dei store Stakarne, den sylv-lokad Krusi og den snjo-kvite Dreiels-Duken, som hadde legjet i den myrke Kammers-Kista eit heilt Aar, hadde no komet seg fram og glimade og glansade, og Jola-Gleda var det altsaman. Dei blanke Veggerne stod og saag ikringum paa Stova, som var so undarleg stor i Kveld, takkade fyre Glansen og tenkte paa Jola-Gleda, og det kvite, ny-barad Golvet glodde og fortalde um ein grøn Sumar under og upp av det kvite, kalde Klædet. Altsaman hadde eit „Gledeleg Jol" aat oss, som inn kom, og Hjartat vaart fylltest med „Gledeleg Jol" aat alt som kjært var, aat den kjære Heimen og mest aat dei kjære Gamlarne. I slike Stunder er det Liv i ei Helsing; heile Hjartat ligg i Ordet, og Ynskjet dreg daa lenger og Sukken lyfter under. Kjært var det og at taka imot Svaret: „Takk, Gud give deg det sama!" — at faa Jola-skjænk med Sukkerkringla og Godte og Øl av Krusi. Ja, det var Gleda i alt! Og so kom ho Mor med

Gaavor aat Teneſtfolki, med Jola-Ljos og Jola-Stompar aat oſs alle, og Gamlingen gav oſs liten Grand med Brennevin, ſo myket, at me kunde traktera Venerne vaare i Joli.

So vart det Prat um nokon bar „Jola-Hornet"; me maatte daa ſyna oſs fram; men alle hadde nye Plagg paa ſeg, han Ivar dei nye Lugga-Bandi, Gjenta eit nytt Akſla-Torklæde, eg ei fin Rauhuva, og ho Elſe gjekk med ei dyr Silkehuva; det Tyet var „Berns-Blom" ifraa Styrmanns-Sonen paa Skeid; berre ho Mor og eg visſte um det. Denne Gaava var den fyrſte ifraa Guten hennar; men ho var inkje ſo glad den Kvelden, ſom ein ſkulde tru, helſt vilde ho hava ſeg undan og vera einſaman og lata dei glansfulle Augo ſtara paa ingen Ting. Fager var ho ſom aldri fyrr der ho ſat med den unga Livsvoni ſtigande i lett Raudnad upp yver Andlitet, ſom ei Dagsrand um Vaaren.

Men Budeigja var inkje ſturande; ho var juſt i eit godt Lag og hadde ſo myket at fortelja, og eg var altid hugad paa at lyda. Ingi Jola-Nott var ho i Seng, fortalde ho; det var ſo myket at faa vita daa; ho vilde no ſnart ſetja Tinfatet med Vatn i under Bordet, og i Morgon tidleg ſkulde ho ſegja

det paa ein Prikk, kvarhelst i Lofoten det vart Fiskje i Vetter; det var mykket at sjaa paa Ljoset; stundom brann det tvert av, det var eit styggt Merkje. So fortalde ho um han Herr Petter, som fekk Bod Jolaftan ifraa Kongen og skulde preika høgste Joladagen i Kjøpenhamn; um Skjussen han fekk, og um Faaren han var i midt paa Stads-Havet. Og sidan fekk eg høyra um Herøypresten, som var i eit Storkarslag saman med Alstadhaugpresten; der gjorde dei Jolaspel, og han ifraa Herøy vart dømd av hin til at ganga aat Borgstova og kyssa Legdskjeringi, det gjorde han, og ho fekk ein blank Sylvpening attpaa, ho; men aat Alstadhaugpresten vart det leidare, for han skulde kyssa henne som i Dyrenn' stod; men der fann han ein Dauding, som han hadde gjort Uro i Gravi berre fyre nokre Klædefillor si Skuld, og det hadde visst vortet ein annan Dans, hadde inkje Herøypresten, som kunde Svartkonsterboki fraa Perm til Perm, fengjet henne vel og bra ned atter. Og so fortalde ho um han Per i Kulvikjenn', som tok Smellen ifraa Byrsa si paa den Maaten, at han skaut til Maals tri Gonger igjenom eit Kyrkjebraud, som han hadde gjøymd usmeltad i Munnen daa han var til Altars; med

den Byrsa skaut han alt, som til var, og ho beit paa Draugen med; for det var ein Vetter han laag i Skipaasveret og slo Erkn (Sel) at han seint ein Kveld høyrde ein fæl Styr utanfyre Buddyri, men just som det skulde til at brjota seg inn, peikade han med Pipa ut igjenom Durglytten og lagde til; etter eit styggt Brak vart det stillt og det kom aldri meir slikt aat honom. Daa det ljosnade og han kom ut, laag det ei grøn Sleipa yver heile Berget. — Og andre Segner læt ho meg faa vita; og eg lydde.

Det leid, — Kvelden kom. Jola-Grauten, Kalvkjøtet og Kveita var alt av Bordet, og dei gamla Salmabøkerna laag ikring paa den kvite Duken og ventade. I Burti-Stova læt Songen so frisk og trillande: „Store Gud og Frelsarmann!" Ei liti Stund etter tok det til at stiga upp ifraa Paal-Stova, rullande i tunge og sterke Kast: „Store Gud og Frelsarmann!" So kom Holls-Mannen vaar, og den veike og haltande Trilla hans slo Lag med: „Store Gud og Frelsarmann!" Og endeleg kom Gamlingen, litt bivrande, men stødt og tonefast, og so lagde me vaart: „Store Gud og Frelsarmann!" inn i dette Orgelkor. Heile Grendi var eit Guds Tempel.

J.

Velure-Ætti.

Av Kristofer Janson.

I.

So er fortalt, i gamall Tid
var Folkehugen hard og strid;
som Elv um Vaar veks til ein Flaum,
fram Viljen valt i sterke Straum.
Daa galt det inkje Log og Sætt,
nei Kniv var Tolk og Neven Rett.
Um Futen deim med Skattar dreiv,
dei honom radt paa Fossen heiv,
og reisste Preika deim som best,
dei stod med Øksi fyr sin Prest.
Daa galdt ei Kong og Fedraland,
nei Bygd mot Bygd og Mann mot Mann,
han, som fekk kara til seg mest,
han var den øvste, han var best,

og fekk han Glis og Hædingsord,
vardt det eit Svimeslag til Jord.
Men Liv det var i Guten daa,
han slatt ei kring, heilt bleik og blaa,
i Dans han sveiv, paa Fjell han flaug,
den kvasse Vetraluft han saug,
med Fa'r si Rifla, Skinn kring Bein,
han leitad etter Varg og Rein,
og tidt han svalt, og tidt han fraus,
men altid var han lika laus.

II.

I denne Tid daa ber ho til
den Soga, eg fortelja vil.
I Ullensvang det finst ein Gard,
Velure stødt han kallad var;
der budde det ein Gong ein Mann,
Øystein Velure heitte han.
Han svartleitt var og høg og frid,
men var i Hugen ill og strid,
og Sønerne, han hadde aatt,
dei var som Fadren strid i Haatt.
I Bygdi gjekk det kring det Ord,
at Øystein ei fekk kristnad Jord,

han meſt var heiden, trudde dei,
for Kyrkja laag ei paa hans Leid;
med Bly i Sand han hadde ſtøypt,
Gud veit, um han ſom Folk var døypt.
Han ættad var fraa Fantefolk,
ſom rekne verd med Hogg og Svolk,
ſom fara kring ſom Ramn og Skjor
og ſtela kvar ein Stad dei foor,
ſom øyda Landet, der dei kann,
lik Lemendflokk med kvaſſe Tann,
ſom ſleiſkt og ſmjugande ſeg te
men lyſa illt paa Folk og Fe,
ſom læra kann at verda klok
paa Trollſkap og paa Svartebok.
Folk aktad ſeg no ogſo vel
med Øyſteinsfolk at vaaga Spel;
ſteig han um deira Durſtokk inn,
ſkaut Rukka dei paa Skallen ſin;
kom han og um ein Seſs deim bad,
dei flutte ſeg ein annan Stad;
naar dei fraa honom Spurſmaal fekk,
dei tagde bert og framum gjekk.
Daa vardt han bleik den myrke Mann,
han knytte Neven, Augo brann,

han beit si Lippa reint til Blods
og mælte desse Ord i Traas:
„dei vyrda meg som Hund og Rann,
godt — eg skal taka Hundenamn;
dei bita meg i Hus, paa Veg,
men eg skal bita atter eg;
paa meg og mitt dei sanka Soll,
men sjaa no, kven som dett i Koll."
So saug han seg paa Hatet mett,
han log aat Log, han log aat Rett,
med Sonarflokken fram han skreid,
og tagalt vardt det paa hans Leid.
I Gjestebod og Brudlaupsgard
han bad seg inn med Neven hard;
med Kniv i Belte visste han
var Øystein altid øvste Mann.
So sat han der ved Brudlaupsbord,
aat, drakk og sende Slengeord,
og Kararne av Sinne brann,
men ei det knatt i nokon Mann.
Sidstpaa vardt detta daa for stridt,
for Skil paa mitt og Skil paa ditt
det visste inkje Øystein av;
han berre tok men inkje gav,

han Baatar stal og Mat og Smør
og Øvrigheiti rak paa Dør.
So sankad Bygdi seg i Hop
kring Garden hans med Skrik og Rop,
med Banning og med Øks og Spjut
dei honom rak or Stova ut.

III.

I Frøynesurdi er Steinar nog,
som Jutulkroppar dei liggja,
dei gardamillom seg inkje drog
um Sess nokon Mann at tigga,
deim skal inkje Stormen, som traasfugt log,
kunna rikka.

Men Jordi er hugvarm, ho Elskhug fær
til kalde og nakne Steinar,
ho tekkjer med Grønska kvar Flekk, ho ser,
med Mose og Kjørr og Einar,
og Bjørki inn millom Sprungorna ber
sine Greiner.

Her høvde det seg fyr Øystein godt,
til steingjenget Liv var han alen,
her vardt han staalsett paa Saal og Skrott

og ſterk og ſtrid og hardbalen,
her velte han ſeg ſom Skreda braadt
yver Dalen.

Han hadde ei Kona, ſtighalt og laak,
ho vilde Mannen ſin ſøkja,
ſo foor ho trutt etter Veg og Raak
og ſkulde no honom røkja,
ſo hokkrad i Urdi ho fram med Staak
ſtakkars Krøkja.

Og daa ho ſidſtpaa ſin Husbond fann,
ſom Graſet ho faſt ſeg klengde,
det nyttad inkje, han ſaud og brann
og tidt henne fraa ſeg ſlengde,
i honom paa Fjell, gjenom Skog og Strand
ho ſeg hengde.

IV.

Ein Kveld ſat Øyſtein myrk og ſur
og ſtirte paa den vilde Urd,
i Berget Kona laag og gret
og ankad ſeg og illa let,
i Kyld og Væta, Regn og Vind,
ho hadde fylgt med Mannen ſin,

no sprunget var det veike Leir,
no kunde ho 'kje orka meir.
Og Øystein stunde, skjeglad kring,
han øygnde inkje nokon Ting,
hans Auga skjein so kaldt og villt,
som grundad han paa nokot illt.
Sidstpaa han reis og Pusten skaut,
so steig han burt til Sengi kaut,
han Handi la' paa Kvitlen fast
og saag paa Kona vondt og kvast,
og Kona skalv, i Hop ho seig:
„Gud naa deg Øystein er eg feig!"
Daa kaldlog Øystein: „Jøye meg!
du gløymer reint at anka deg,
du ligg og læt Dag etter Dag,
er inkje god til nokot Slag,
du et mitt Braud og er til Mein,
du drikk — og tjorar mine Bein:
Kvat skal du her i Lag med oss?
ein Høydott, slengd i stride Foss;
her krevst det Saal og Skrott av Jarn,
og du er mjuk som Sogebarn,
naar Sthlken er for veik og skjøyr,
so er det likar' Blomen døyr." —

So kjøvde Dyſtein Kona ſi
og kjende ſeg heilt lett og fri,
han Sønerne til Møtes foor,
og ſa': „i Kveld ſo døydde Mo'r."
Men fyrſte Natt han kjende alt,
det laag paa Bringa nokot kalt;
der ſat ho, Kona bleik og kvit
med Handi trivlad hit og dit,
ſo treiv ho han kring Halſen faſt,
„no Dyſtein, vaaga no eit Kaſt!"
Upp ſpratt han ſveitt og kring ſeg ſlo,
„Til Helvites! — lat meg i Ro!"
Han ſtirte kring — der Sonen laag,
forbinad han paa Fa'r ſin ſaag —
„kvat beler deg?" — „Aa ſov du Tor,
eg berre ſyrgjer paa di Mo'r." —
Men Dyſtein vardt ſom øren radt,
han fekk ei Svevn med Dag, med Natt,
kor djupt han enn grov Liket ned,
det atter kom og ſtal hans Fred.
Sidſtpaa han ſtod ei i det meir,
han flaug til Fjells og fekk ſeg Reir,
paa Viddi bygde han ſeg Hi,
der ſlapp ein vel fyr' Draugar fri.

V.

Paa Fjellet er det friſkt og fritt,
ein fer ſo langt, ein ſer ſo vidt,
mannvaksne Tankar her ſlaa Rot,
og Bringa ſyg ſeg Helſebot.
Alt ſom i Dal er logut og mildt,
det vekſer her ſeg ſterkt og villt,
for Fugl er Ørn, og Dyr er Rein,
og Jordveg Berg og Nulleſtein.
Her rigar inkje Aakren fin
og Blomareit i ſvale Vind,
nei Stormheſt flyg med løyſte Faks
burtetter Vidd med brune Aks.
Her ſig ei Snjo ſom liten Flekk
uppunder Bjørki, bljug og tekk,
nei Breden ſkyt ſeg grøn og blaa,
og Nutar ſtinga upp ifraa.
Her er det vænt ei Sumarsnatt,
naar Dimma Draumar kring deg batt,
naar Lufti kring deg likſom yr
av Segner og av Æventyr,
naar ingen Lurlokk meire læt,
bert Elvi ſtilt i Natti græt,
naar kvart eit Liv er ſomnat inn

og andar ſtilt i Maaneſkin.
Her er det fagert Sumarsdag,
naar alting vaknar upp i Lag,
naar Foſs og Elv og Gauk i Lid
dei ſyngja glad paa Viſa ſi,
naar Fiſken ſprett i blanke Tjørn,
og himmelshøgt flyg byrge Ørn,
naar Kui rautar, Bjølla kling,
og Gjeit og Saud av Fagnad ſpring,
og lydt Budeigja blæs paa Horn
og lokkar paa dei kjære Born.
Daa er her Liv, daa er her Leik,
burt ſtryk du Nattardraumen veik,
og upp du ſprett, ſet i med Song
og Byrſa triv og Fiſkeſtong.
Her er det friſkt med Vetratid,
naar Snjoen ligg i Urd og Lid,
naar fram paa Skiderna du flyg
og kvaſſe Lufti i deg ſyg.
Daa verd du ſnøgg paa Hand og Fot
og ſlit du illt, ſo tek du mot,
ſtryk Snjo og Rim av Haar og Skjegg
og tidnar upp din frosne Legg. —
Her treivſt no Øyſtein hardla godt,

her Mun det var fyr' Saal og Skrott,
her var han allerøvste Mann,
og Bygdi vreid seg ved hans Hand.
Her tok han Fisk, skaut Fugl og Rein
og kveste Kulor utav Stein.
Kom Skreppekar framum hans Bud,
so kunde Øystein Skreppa snu,
kom annan fornæm Reikefant,
han Pung og Klokka tok i Pant.
Um Sumaren det serlegt var,
at Øystein kjende seg som Kar,
daa slapp han lida Svult og Naud,
paa Sætrom var det Mjølk og Braud.
Daa skræmde han med Sonarflokk
Budeigja yver Stein og Stokk,
og stal so alt, han berre fann,
og drog til Budi alt han vann.
Um Vetren vardt det meire smalt,
daa Fjellet laag so audt og kaldt,
daa radt til Bygdi ned han laut
at faa seg Kjøt og Mjøl til Graut.
Og jamen vardt det mang ei Natt,
at Bonden upp fraa Kvila skvatt,
for inn braut Øystein, der dei laag,

batt han og Kona faſt med Tog,
ſtal alt, det beid, av Drykk og Mat,
ſtal Sylvty og ſtal Koparfat,
og medan Bonden ſkreik og ſvor,
ſa' Øyſtein berre deſſe Ord:
„Byrdi er tung, og Ryggen ſtinn,
eg difyr' laanar Øyken din.“ —
So livde han no mange Aar,
og Vetter ſkifte um med Vaar,
men enn ſat Øyſtein, fri og frels,
ſom Tjovakonung høgt til Fjells.
No hadde han fraa Budi flutt
og til ein Heller Veg ſeg rudt.
Der fram ei liti Kjelda ſpratt,
og Livd det var ei blaaſall Natt,
og ut or Taket Røyken foor,
for der var Hol nett ſom ein Ljor.

VI.

Fraa Treim i Odda var ein Mann,
og Syrgen Treim ſo heitte han,
han hadde her eit Sumarsbel
eit Fantefylgje røykt i Hel,
i Turkeſtova der paa Treim

han fekk deim inn og tynte deim.
Fyr' detta daudadømd han vardt,
men og det stod paa kvitt med svart,
at fri fyr' Straffi reint han slapp,
sofremt han Dysteinshorgi drap.
Jan Syrgen var ei traa og treg,
han Byrsa treiv og la' i Veg.
Fyrst løynte han seg i ein Nut,
til alle vel var komne ut,
han vilde hava paa deim Gaat,
korleids dei alle foro aat.
Daa Soli seig bak sidste Haug,
han vart til Hellergapet smaug;
han ned seg lutte, inn han kjeik
og saag no, kvat dei dreiv fyr' Leik.
Paa Golv, paa Skinn av skotne Rein,
laag Sønerne med nakne Bein,
den brune Kropp, rend som av Staal,
seg synte fram ved raude Baal.
Paa Vegg hekk Byrsor, Skallar, Horn,
i Kraa laag hopat Kjøt og Korn.
Ved Elden, paa ein sliten Krakk,
sat gamle Dysten, høg og rak,
det lange Haar paa Oksli slaut,

og Traaſs ſeg fram kring Munnen ſkaut;
han ſtirte radt i Logen inn,
han meſt ſaag ut, ſom han var blind,
han kulſad, ſeg paa Ryggen ſkok,
deretter ſo til Ords han tok:
„Naar Aldren kjem, og ein ſkal døy,
ſo verd det laakt med Mann og Møy,
ein ſkroknar, og ein jamt ſig ned
og gjeng i Mold ſom morken Ved.
Men fram or Stuven Runnen renn,
han upp ſeg lyfter Spenn fyr' Spenn,
og juſt naar Gamlen ſiger han,
ſtend Sonen der ſom ſterke Mann.
No Søner mine verd eg veik,
han verd for hard no denne Leik
i Strid med Byrſa og med Kniv
mot Mann og Dyr ſitt heile Liv.
Eg tidt gav Dykker Mat i Munn,
no lyt de mata meg ei Stund,
no lyt de hjelpa Gamlen fram,
ſo han kann ſlokna utan Skam.
Du Tor, du ſveiper Skinn kring Bein,
og fer i Morgon etter Rein;
du Øyvind take Stongi di

og dreg ei Fiskehonk i Hi;
du Øystein, Namnet til han Fa'r,
du lure etter Framandkar
og kome heim med Pungen full
til nye Plogg og Vetraull.
So vil eg sjaa, um de hev Horn,
um de er rette Ulveborn,
um de kann tola enn eit Tak
mot Kyld og Snjo med Ryggen rak.
For det eg segja vil og bed
fyrr svelta reint enn tigga Fred;
mot Bygdi gjeld det Kniv mot Kniv,
so lenge Dropen er av Liv.
Dei hava skjemt vaart gode Namn
og slengt oss fyre Hund og Ramn,
dei hava sjølv snutt Øksi dit,
so lat dei røyna, um ho bit."
So mælte Øystein, Augat brann,
han reis, og Neven knytte han,
men Syrgen varlegt av seg smaug
og løynte seg attum ein Haug. —
I Otta andre Dagen skreid
alt Sønerne paa kvar si Leid,
og Gamlen sidstpaa og smatt veg

i Bakken til at sola seg.
Daa tenkte Syrgen: „stogga litt,
no lyt eg byrja Verket mitt."
Han eldsnøgt etter Byrsa saag
og smaug so burt, der Dystein laag.
Der laag han daa den gamle Mann,
paa Soli Augat feste han,
imunder Himlens blaae Tjeld
han laag vidopen paa sitt Fjell.
Der sigtad Syrgen — no det galdt —
smell — Dystein tungt i Bakken valt,
og utan Styn og utan Skrik
fyr' Foten hans han laag som Lik.
Glad vardt daa Syrgen, snaap og snar
til Helleren han honom bar
og ventad no, med' Soli gleim,
til hine Gutarne kom heim.
Fyrst ut paa Kveld han høyrde Glam
og eit som ropad: „Gamling fram!
heng Gryta paa, sjaa her er Fisk,
fullt Maal til Nattverd og til Bisk!"
Daa skynad Syrgen, kven det var,
fram steig han som ein Elding snar
og honom radt i Bringa skaut,

og fyrste Sonen stupa laut.
Strakst etter kom den andre inn
med snøgge Steg og raudleitt Kinn,
men fyrr han fekk fyr' seg eit Ord,
han stupte livlaus ned til Jord.
No berre var den sidste att',
han kom fyrst, daa det leid mot Natt,
men snaudt han seg til Opet vann,
so raakad Jyrgen ogso han.
Der laag dei daude rundt ikring,
daa turkad Jyrgen Skallen sin
og tenkte: „javist var det hardt,
men jamen gjekk dat nogso snart."
So drog han alle fram paa Rad
og stod og stirte paa deim glad
og kjende alt imillom og
um skaplegt daude der dei laag.
So sprang han kring og song og log,
av Gleda seg i Haaret drog:
„heisa no hev eg gjort det godt
mitt Hovud tent i fjore Skot,
no er eg fri som Kongen sjøl —
hadd' eg meg no ei Potta Øl! —
skal tru eg kunde vinna heim

nei det er myrkt, og Vegen sleim,
Ja, ja — eg søv vel lika radt
i Lag med Kropparne i Natt."
Han kveikte Eld og tok ei Skraa
og la' seg jamsids attepaa
og somnad utan Sut og Harm
paa Golv med Byrsa i sin Arm.
Men snaudt nog fyrste Soli rann,
han la' til Dals, alt det han vann,
fortalde andmod, heit og raud,
at no var Tjovahorgi daud.
Daa vardt det Fagnad vel paa Folk,
dei strauk i beste Onnebolk
til Fjells og vilde sjølve sjaa,
um Syrgen var at lita paa.
Jau der laag Tjovarne i Lag
med Dauden i dei sterke Drag,
dei kvilte kyrt paa svarte Sand
men hadde knytt den høgre Hand.
Og Bygdi saag med Støkk paa deim,
som hadde herjat Hus og Heim,
dei synteſt inkje vera trygg,
fyrr Moldi laag paa Brjoſt og Rygg.
So grov dei deim i Bakken ned,

so var dei viss um at faa Fred,
og ingen gret paa Øysteins Bein,
men alle velte uppaa Stein.

Soleids gjeng Segni. Mange Aar
er lidne no med Haust og Vaar,
men endaa Folk skal vera set,
som segjast vera Øysteins Ætt.
Og endaa Øysteinsbudi stend,
verd brukad baad' av Bygd og Grend,
naar dei, som tidaste kann skje,
er her paa Leiting etter Fe.
Og kvar ein Gut deg syna kann
den Helleren, der Øystein fann
sin sidste Heim, og der han trygg
si Svipa batt til Bondens Rygg.

Ute og heima.

Desember 1871.

Naar me snu oss og sjaa tilbaka paa Aaret, som no snart er avlidet, daa sjaa me eit Aar, som heve merkt seg ut med dei sterkaste Fargar, som Saga nokot Sinn fekk bruka sin Pensel til. Me skoda eit Aar fullt av Uro og ovstore Hendingar, og me kunna samanlikna Bilætet, som fer fram fyre Augo vaare, med ein overhendig Vatsflaum, som kjem veltande og trugar med at riva alt med seg. Me sjaa Grunnen likson bivra under dan gamle Samfundsbygnad, som dei avlidne Ætter reiste; me sjaa Kongsstolar og Stormannssæte likson dansa upp og ned paa Straumskavlarne og me sjaa jamvel mangt eit staut Mannsverk støytast i Venda, som vardt vyrdt som ypparlegt Minnesmerke um Mannsens andelege Kraft og Førleike. 1871 Aaret

med deſs ſtore Hendingar og undarlege Vendingar er ein god og lærdomsrik Minning um, kor upaalitande Mannſens Lagnad er og kor uſtøde hans Verk mun vera.

Ja, naar me ſjaa paa dei ſtore Tilburdar, ſom hava hendt, og paa dei vigtuge Umbrøyte, ſom ero gjorde paa ſo mange Maatar, daa kalla me Aaret eit merkjelegt Aar. Men endaa kann dat henda, at dan komande Tid vil finna ut, at dat meſt merkjelege ved dette Aaret inkje var dei Hende, ſom vardt fullførde, men myket meire dei Umbrøyte, ſom inkje fekk Framgang, men ſom Aaret grov Grunnvollen og lagde Fræet til. Naar me no ved Aarsſkiftet ſjaa paa dat ytre Tilſtandet, daa kann dat fulla ſjaa ut til, at Straumen er ſtilnad, at dan verſte Uro heve lagt ſeg og at dei ſtore Hende heve havt ſin Ende. Ein kunde tru, at Straumen no hadde naatt fram til eit djupare og vidare Far og ein jamnare Botn, ſo at han heretter vilde ſtrøyma alt meir og meir ſtill og tolug med kvart ſom han ſig frametter. Men naar ein gjev um at ſjaa djupare og freiſtar med at finna ut kor dat ſtend til ned paa Botnen, daa tykjeſt ein ſjaa dat ſjoda og bivra, og ein ſer endaa likſom ſtore Vatsbolor koma upp=

stigande, tydande paa ein strid og uroleg Undersstraum ned i Kavet, som strævar hardt med at koma upp.

Sjaa me no fyrst og fremst paa Tilstandet i Frankrike, dar dan störste Umvelting heve voret, so ser dat fulla ved fyrste Augnakastet ut til, at dan nye Riksskipnaden likjom tek til at grunnfestast smaatt um Senn, etter at han Thiers vardt vald til Styresmann paa try Aar. Me faa vel ogso segja, at dat ser nokot likare ut fyre Aalmugestyret elder Republikken dar i Landet, en dat heve gjort alt sidan Keisarkruna hans Napoleon flaug av Hovudet hans. Men me høyra paa dan andre Sida altfor myket Ord um, at ymse megtuge Flokkar berre taka Tilstandet som ein Yvergang, paa Lag som Stilla fyre Stormen, so at dei kunna kvila Armarne til dess dei sjaa seg Syn med at reisa Kongs- elder Keisarstolen upp atter. Og dat er mange Merke paa, at dan store Aalmenningen ogso er i Tvil um at Republikken kann haldast uppe, som dat no er skipat, og ottast at Framtidi altformyket vil føra til nye Basketak um Riksskipnaden. I beste Tilfellet trn dei, at dan noverande Skipnaden kann hanga med Lag til dei try Presidents-Aari hans Thiers

ero til Endes, um elles denne tilkomne Mannen kjem til at liva solenge. Og naar so mange halda paa Riksstyret, som no dat er, so er dat vel helst fyredi dan gamle Thiers i Grunnen ingen Merkesmann er, so at ein difyre paa ei Vis kann samnast ikring honom, utan at sleppa Tanken paa at faa reisa si eigi Merkesstong naar Tid og Stunder koma. Mange synast hanga ved dan gamle, graahærde Mannen paa Lag paa same Maaten, som naar ein triv etter Halmstraaet i Havsnaud.

Med Augat framleides paa Frankrike finna me vistnog at Kommunen og Sosialismen og dan Styggedomen som medfylgde no synest vera yvervunnen og nedkugad. Me sjaa dat stygge Udyret likson hovud- og armalaust etter at Merkesmennerne ero rettade, sette i Myrkestova elder rekne ut or Landet, og heile Farmar av Kommunemenner i Flokk og Fylgje ero sende til Nykaledonia som Arbeidstrælar paa Livstid. Men Kommunisme og Sosialisme synest vera lik Trollet i Æventyret. Naar ein høgg av ein Arm med fem Klør, so veks dat ut atter tvo med tie; naar ein høgg av eit Hovud, so spretter dat tvau ut atter. Dat er ogso eit stort Spursmaal um inkje dat kommunistiske Udyret just styr-

kjest og inkje veiknast ved slikt som Døydingi hans General Rosel, som so mange av Landsens Ungmenne og gode Borgarar bad um Miskun fyre. At byggja upp Landsstyret paa Blod heve jamt synt seg at vera ein sleip Grunnvoll at byggja paa. Dat er vist inkje i Hardstyret, at dan verste Sjukdomen i vaar Tid skal finna Helsebot, og dat er fulla liti Von um, at dan stygge Draken inkje atter skal reisa sine Hovud og lyfta Klørna, soframt ein inkje kann finna annan Lækjedom en just dan same Underkuging, som heve skapt honom og dei Krav, som han gøymer i sin stygge, digre Kropp.

Og naar me sidstpaa sjaa paa Franskmannsens Samhavande med sin tydske Uvin, so fretta me fulla, at dei franske Styr'esmenner, betre og stødare en ein kunde vona, greida dan store Skuldi som dei toko paa seg ved Fredsemja, og me sjaa Tydske-Heren dragast ut or Landet med kvart, medan dat franske Folket synest retta seg upp atter og djervt taka i med Handel og Arbeid kring Land og Strand, til at vinna atter dan Krafti, som spiltest under Ufreden. Dat ser so ut, at Franskmannen ogso no heve gøymt Sverdet i Slira. Men gøymt er inkje gløymt. Dat vantar inkje paa Merke til di, at

franske Folket heve lagt seg hardt paa Minne all dan Stryk og harde Medferd, som dat fekk av Tydsken, og Tanken paa Hemn renn fulla inkje snøgt ut or Hugen til Franskmannen. Dat ser myket meir ut til di, at Hemnen skal styrkjast og alast upp hjaa dan uppvekjande Ætti, til dess Tid og Tilføre verda laglege til at bera honom fram i Gjerning.

Kvat Kant me soleides skoda paa, kunna me difyre inkje kjennast hugheile paa di, at dan Elden er sloknad, som heve skapt all dan Uro og Umvelting, som no i nokre Mannsaldrar og helst i dat lidne Aaret heve herjat Frankrike. Me maa tvertimot helder tru, at han endaa ein Gong vil loga uppatter. Og ein maa ottast fyre at Logen vil verda so myket sterkare som Brennefanget no er so myket større og lettare at kveikja.

Helder inkje naar me snu oss til dei andre romanske Rike, Italia og Spania, tykja me at dat ser stort likare ut med Fred og Fagnad. Dar, som andre Stader heve Skilnaden millom dan velhaldne Flokken, som held Rikstaumen i si Hand, og dan store, fatige Aalmugen skapt dei same Krav og Flokar, som uroar heile Europa, men som ein Gong lyt løysast. Dessverre heve endaa ingen voret god til

at syna paa nokon greid Løysningsmaate, og i dei katolske Land, dar Faakunna til Folket av dat megtuge Presteveldet er helden uppe som ein naudsynleg Grunnsetning, er dat vel minder Von en nokon annan Stad til, at Løysningi skal ganga fyre seg paa ein vitug og roleg Maate. Nokon Framgang paa folkeleg Veg kann ein inkje sjaa stort likt til. Dat ser snarare so ut, at dat „konstitutionelle Kongedømet" verd brukat som ein god Skjold av Politikararne, som i Skuggen av detta ser seg Kans til at fremja slikt, som er til Gagn fyre dei høgre Stand, medan sjølve Almugen og hans Krav verda litet og inkje ansade. Slike folkelege Menner, som dan namngjetne Folketalaren Kastellar i Spania, — tvillaust ein av dei mest tankefræge Menner i Europa — synest til dessa at hava talat til liten Bate fyre dei folkelege Krav. I Italia vita me at Folkehovdingen Mazzini endaa er utlæg elder landlyst, og attaat dei verdslege Spursmaal dar, som venta paa Løysing, kjem dat ugreide Paavespursmaalet, som inkje synest vera ulaglegt til at driva Frankrike og Italia i Uvinskap sidstpaa.

Venda me oss so til Austrike, daa synest Hespelen just til Gagns flokutt. Her sjaa me dan

gamle Ugreida, som kjem seg av di, at somange sermerkte Folkeslag ero samantengde og nøydde til at draga Riksvogni kvar til si Sida likſom. Sjeldan spratt ogso Ugreida kvassare i Augo en juſt i desse Dagar. Dan einaste Politiken, som vonlege kunde gjeva Raad syre Uraad i dette kunſtige Riksſamlaget, laut vel vera dan, ſom freiſtade med at gjeva kvart Folk dan ſame nationale Retten. Dat ſaag ogso nyſt ut til, at dei ſlaviſke Folkeſlag, ſom heve voret dei minſt paaagtade, no ogso ſkulde faa fram ſine nationale Krav. Men beſt ſom dat var, ſo ſnuddeſt Vinden; Keiſaren drog dan framrette Handi til seg atter og ſende fraa seg dat Riksraadet, ſom ſkulde føra Saki til Sjekarne og Polakkarne fram. No er dat komet til eit Slags Brorſkap millom Tydſkar og Magyarar til at hindra dei andre Folk fraa at faa ſine Krav fram. Dat er inkje myket hugſamt at ſjaa, at Magyararne, ſom ein Gong laut bala ſo hardt paa si Sida til at faa ſine eigne Krav fram, no ſtilla seg ved Sida til ſin gamle Uvin og ſlær Lag med honom til at meinka dei andre Folkeferder i Framgangen. Dat er fulla uvandt at ſpaa dat ſame, ſom han Koſſuth alt heve gjort i Sendebrevet ſitt, at paa dette Sam-

laget vil Andrassy, dan ungarske Riksraadsfyremannen, ein Gong koma til at trega saart. At dat i Lengdi verdt til Skade og inkje til Gagn korkje fyre Ungarn elder Austriket er no tvillaust fulla. I alle Tilfelle er dat visst, at Ugreida i Keisarriket no er som verst. Sjekar og dei andre slaviske Landslydar, som hava eit Ryggstød i Rusland, vilja fulla inkje lata seg lita med slik Skipnad, som no tilskipast. Dei vilja vel helder driva meir hugramt paa med sine Krav medkvart som dei røyna, at dei jamt skal draga stuttaste Straaet. Og Tydskland med dan fule Bismarcken lær vel i Skjegget kann ein tenkja.

Ja Tydskland! Kvat skulde me vel segja um Tydskland? At dat no er dat megtugaste Rike i Europa? Dat sjaa me greidt nog alle. At dat tydske Folket er dat best upplyste i Heimen? Dat vita me og. At dat difyre er dette Landet, som med dan største Ro og Heilhug kann stemna mot si eigi Framtid? Ja detta er dat store Spursmaalet, som inkje er løyst med dan Kjendsak, at dan tydske Keisaren raader yver dan største og beste Heren i Mannaheimen; helder inkje med di, at Milliard etter Milliard med Sylvdalarar no flauma inn fraa Frank-

rike og fylla alle Kassar; helder inkje i dan Ting at Rikstinget med Gaman og Godlynde etter Skjemteordi hans Bismarck segja ja til Kravet um dei 40 Millioner, som jamt skal liggja tilbudde i Stridskassa og som lett kunde lagast til Ris til Tingmennerne sjølve; helder inkje i dei større Løner, som Hermenner og andre Embættesmenner no skulo faa av dei franske Pengar, samstundes som alle andre Folk gjeva seg i Ferd med at minka og jamna paa Mismunen, som dat er i Livebraudet til dei ymse Stand. Alt detta kunde likaso snøgt verda til Brot som til Bate. Inkje ein einaste av desse Ting kann stilla Trongen elder stagga Kravi, som no stiga upp fraa dan arbeidande Aalmugen. Inkje mindre i Tydskland en i andre Land heve Folket fest sitt Auga paa dan store Skilnaden, som dat er i Livskori til Arbeidaren og til deim, som bruka honom, paa Skilnaden millom „Arbeide og Kapital". Ja kunde no Tydskland sleppa Stridshugen sin og ganga i Brodden i dette brennande Spursmaal! Vilde no Styresmennerne med dat rette Hjartalaget gjeva seg um at møta dei rettvise Krav til Folket og i rette Tid retta dat som rangt er, daa kunde ein spaa godt um Tydskands Framtid.

Etter dan jamne Upplysning og dan andlege Fyremunen til Tydskefolket kunde ein ogso venta nokot dilikt. Men endaa sjaa me faae Merke paa, at dei Menner som styra koma rett i Hug dei store heimelege Spursmaal, som dei synast gloyma fyre dan ytre Æreglansen til „das große Vaterland". Dei spilla sine Tankar so altfor myket paa Hermannsgreidor, medan dei sosiale Vandemaal gro og breidast ut i Hugen til Almenningen. Dan jamnare og større Upplysning, som dat er i Tydskland mot andre Stader, skaper tvillaust meire Trong til Hyggje i Hus og Heim, større Krav til Livsens Gode, og just paa dan Grunn vil fulla Kravi paa Umbrøyte og Utjamning av dan store Mismunen i Livslagnad koma so myket snarare og kvassare fram dar en nokon annan Stad. Han Bismarck er vel ein Meistar til at styra, og so klok og folkekjær, som han er, heve han ei utruleg Magt til at halda Taumen og styra dar han vil. Dat kann vonlege ogso vera nokorlunde faarelaust solenge han og Kong Vilhelm liva. Dat tydske Folket synest vera so gjenomtrengt av Takksemd mot deim baade, at dei snaudt vilja faa Folket til Gagns imot seg. Men dei ero baade tvo gamle Karar, og kven skal

vel vera god til at halda Taumen etter deim, so= framt dan megtuge sosiale Understraumen skulde velta sine Bylgjor fram? At Understraumen er dar so fullt som nokon Stad vantar dat inkje Merke paa. Internationale heve Lagsmenner i Tu= sundtal, og jamvel Fyremannen Marx er ættad dar= fraa, han som no sit i London som ein Storhov= ding og styrer dette største Samlaget, som heve voret i Mannaheimen og som trulege inkje vil enda, fyrr dat anten heve gjort dan meste Skaden elder dat beste Gagnet, um inkje paa annan Maate, so ved at vekkja Folk til at vera vake og hava fram dei Umbøter, som Tidi og Sedskapen krev, fyrr dat er for seint. Inkje nokot Land skulde synast vera so først som Tydskland til at driva fram dei Um= bøter, som etter vaar Meining maa til, soframt Samfundet inkje skal liggja i Aalvelta ein vakker Dag, men paa dan andre Sida er dat maa henda inkje nokot Land, dar Ugreida verd meir overhendig en i Tydskland med sitt Herstyre og sitt utekkjelege „Junkerthum". Dat skulde daa vera, at Frelsa kunde liggja just i dan Ting, at dat er Aalmugen sjølv, som Heren er skapt utav og at dat difyre inkje vil vera rett tenkjelegt, at dei dar i Lengdi skal kunna

kjøva dei folkelege Krav med Hermagti elder ved Hjelp av dat upplyfte Folket fjølv.

Ganga me fo til England, dar me fjaa dan størfte Rikdomen og dan grøtelegafte Armodi jamfides, fo er dat vel helder vonlauft, at dette Landet fkulde ganga meir fri en andre Land fyre dei Dynningar, fom i vaar Tid ganga ut fraa dan fofiale Skilnaden. Dat vantar helder inkje paa Spaamenner fom fpaa dan verfte Umveltingsflaumen yver England. At dat er mangt og myket i Tilftandet darburte, fom kunde gjera flike Spaamenner fannfpaadde, kjenna me vel til. Me fjaa Rikmannen dar velta feg i Livsfysna og Ovlivnad, medan Fatigmann i Flokkevis meft talmeft i Hel baade utan Mat og Klæde. Me fretta ogfo alt no um ftore Arbeidsnedlag elder Strikes og um ftore Folkemøte, dar dei kvaffafte Ordkaft og Kravsmaal verda framborne. Paa dan andre Sida fjaa me no ogfo, at mange gilde Menner bruka Tankarne fine paa at hitta Boteraad, og me høyrde jamvel nyft um eit Samlag millom nokre av dei frægafte Stormenner og nokre av Talsmennerne fyre Arbeidararne, eit Samlag fom fkulde hava dat Fyremaalet, at beinka og jamna paa Mismunen og

hjelpa Kravi til Almugen fram. Men Lyftet er stort og dar maa leggjast myki Kraft paa, soframt dat skal gjera Mun. Dar skal stor Fedralandshug og meire friviljug Uppgjeving av gamall Hevd og Vane til, en ein næstan kann venta i eit Land, dar dei Rike og Velhaldne Mann etter Mann ero uppalne til at sjaa paa dan arme og fatige som paa eit lægre Mannsslag med ringare Rett. Sjølvkjærleiken verd fulla inkje so god at vinna med. Ugreida med Irland aukar ogso Vandemaalet. Irarne gjev aldri Ro, og dat Misnøgjet, som jamlegt gneistar ut darifraa, er vel lagat til at kveikja Eld ogso i England. Me fretta ogso, at dat helst er Irar, som ero verste Uppsararne paa Folkemøte og i Ugreida med Arbeidararne.

Og so som dat er i dei større Rike, — i Russland hava me ogso høyrt gjeta eit slæmt Umveltingssamlag, som kallast Nihilistarne — so er dat i dei smærre med. Me høyrde soleides nylege eit heilt Staak fraa Belgia, og ned i litle Danmark ser dat helder urolegt ut. Jamvel her heima i dan avleides Kroken vaar kjenna me Sneven. Dat ligg likfsom i Lufti. Uro og Ustøde kvart me skoda, so at ingen kann vita kvat som henda kann. Dat kann

ingen vera hugheil fyre, at inkje dan næmaste Framtid vil snu upp og ned paa mangt og mykket, som no stend i bjartaste Glansen. Og under ein slik Umsnuning kunna me vita, at ymist av dei gilde Ting, som Menneskja bygde upp og med retto held i Æra, ogso vil spillast i Leiken. Vist vil daa samstundes mang ei Narrekaapa og mangt eit falskt Narreverk fjuka som Mjell fyr Vinden. Men me saag i Sumar kor ustyrande og vill Mannen kann verda i slike ustøde Tider og kor reint burt i Vilska han kann renna, so at mest alt hans Verk verd berre Skadeverk, naar han er komen paa dan Ridi. Dat kann difyre gjerna leggja seg helder tungt innpaa dan, som freistar med at tyda dei Teikn, som syna seg paa dan politiske og sosiale Himmel. Naar ein skodar paa Barometret til dan komande Tid, so synest Visaren at peika baade paa Storm og Toreslaatt og jamvel paa Jordskjelv med. Dat gjeld difyre um at gjera seg buen til at taka imot, likasom naar Sjomannen, som merkar Uvedret i Lufti, ser etter at Ror og alle Tog og Skaut og Segl ero greide, so at ein kann skipa alt etter som dat til vil. Ein kann i slike Tider som desse gjerna agta seg. Dat er betre at vera fyre vis en etter

ſnar. Kor mang ei Ulukka og kor mang ein Umvelting vilde inkje hava voret hindrat, um Mannen hadde opnat Augat fyre tydelege Teikn og greide Likjende? Deſsverre ſyneſt dat vera ſlikt Slag no ſom alltid, at Folki lata att Augo fyre dat leide, ſom dei inkje gjerna vilja ſjaa. Sjaaande ſjaa dei inkje og høyrande høyra dei inkje. Difyre kann ein ogſo ottaſt dat verſte. Di meir Magt Kulturen ſkjenkjer Mannen, di større Skade kann han gjera, naar han kjem paa dan Leidi. Me vita, at naar Hugen er i Uppſkok, daa ſkyr Menneſkja korkje Eld elder Vatn. Og at Hugen til Aalmenningen no er i eit uppøſt Tilſtand baade paa dan eine og dan andre Sida, dat hava me tydeleg Kjenſel paa.

Men naar me ſkoda paa dan ſtore Sagatavla, ſom i Samanhang fortel oſs um Mannſens Saga gjenom dei framfarne Tider, ſo kunna me dar likavel finna eit Slag Forſoning og Hugſvaling alt um me no ſyneſt dat ſer ſkakt ut i mange Maatar. Naar me ſjaa paa Sagatavla, daa finna me ſnøgt at Mannsætti er i eit ſtendigt Framſig paa Vegen mot ſitt Maal: større Upplysning og større andleg Fullkomenſkap. Me vilja her bruka dat ſame Bilætet, ſom me gjorde i Brodden av dette litle Styk-

ket. Mannsens Saga er som ein stor ustansande Straum. Stundom sig han so stilt at ein snaudt kann merka, anten dat ber fram elder attende, stundom velter han fram som Fossen med Skavl og Skumdrev so Skvetten stend til alle Sidor. Stundom kann ein sjaa stor Mun i ei stutt Tid, stundom synest dat vera liten Mun i lange Tider, og attimillom kann dat mest sjaa ut som alt er komet i Attebera. Med andre Ord: Mannstanken, som er Understraumen i Mannsens Saga, synest til sine Tider at arbeida med all dan Kraft og andlege Givnad, som han skapest med. Daa er dat urolege Tider, men daa gjerer Mannsætti store Framstig paa Vegen mot sitt Maal. Til andre Tider synest Mannen „liva sovande Livet", daa er dat Ro og Stilla, men daa synest ogso Framgangen vera liten elder ingen.

Tvillaust liva me no i ei Tid, daa Straumen er som sterkaste. Aldri synest Mannstanken hava voret meir vak og framfus, og aldri heve vel Framgangen voret fljotare en i vaart Aarhundrad. Kvart me skoda sjaa me Merke paa dat annsame Livet; kvart me lyda merka me Pikken fraa Telegrafbordet, som jagar Mannstanken lik Eldingen kring all Jordi,

elder me høyra Ljomen av hage Hender, av frøsande Eimkjetlar og rullande Maskinhjul. Me lesa og me fretta um nye Sigrvinningar av dan arbeidande Mannsanden, som meir og meir vinn Herredømet yver Naturkrafterna, yver Toet elder Materien i Luft, paa Land og i Hav. Greidare og greidare lærer Mannen at skilja sant fraa falskt, og me sjaa Fordom og Faakunna kverva i Ljosken av dat klaare Ljoset, som lyser ut or Vitenskapen og dei fullstøde og umotsegjande Grunnsetningarne hans. Me sjaa Menneskja med større Stig og stødare Gangelag en nokot Sinn fyreaat stemna fram mot dan Staden, som av Skaparen maa vera henne etlad. Me tru difyre ogso, at um so galet skulde henda, at dat noverande Samfundstilstand, so som dat slett inkje er ulikt til, verd sundrivet paa ymse Maatar og Ugreida kjem til at fylgja etterpaa, so vil dat berre vera ein Yvergang. Saga lærer oss, at likso litet som Straumen kann renna imot Bakken, so kann dan historiske Framvokster til heile Mannsætti stadna og ganga tilbaka. Dat som syntest vera eit Atterslag vil sidstpaa i Røyndi vera eit Framstig.

Men naar so er, daa er dat daa slett inkje

Grunn korkje til Ank elder Otte, høyra me Lesaren segja. Me vilja visst helder inkje preika Modløysa, men helder uppmoda ein og kvar til at sjaa Tilburdarne beint i Augo. Daa kjem helder inkje Straumen uforvarande paa oss, og daa kann ein ogso betre berga sitt Rom i Storm som i Stilla. Men alt um Saga greidt og klaart fortel oss, at Menneskja stendigt er i Framsig, og Tid etter Tid nærrar seg aat Maalet, kunna me ogso av Saga greidt nog læra, at dat endaa er langt, hardla langt fram. Og naar me sjaa paa mange av dei Livsmerke, som no um Dagarne syna seg, daa sjaa me dessverre at Gudløysa og Sjølvkjærleike, Ovmod og Hat endaa styggelege blinda Hugen til Mannen, han som skaptest i Guds Bilæte. Me sjaa og høyra, korleides dan stuttsynte Menneskja i sin Kautskap yver dat litle ho veit og yver dei Framstig som Tidi heve gjort, trur seg sterk nog til at storma um dat so var sjølve Himmelen. Men ein stig inkje stigalaus til Himmels, og for myken Klokskap er Daarskap. Dat som Tidi med sine Framstig helst skulde hava lært Mannen, var at gjeva honom Vit paa sin eigen Smaaleike. Men i dan Staden, so heve dat lagt seg helder meir Storlæte,

Sjølvklokskap og Agaløysa inn paa Mannsætti. Og dat er denne Sjukdomen, som kjem til at gjera dat meste Uskil i dei komande Tider, so som han heve gjort i dei gangande. Dat er denne Sykja, som blindar dei styrande, so at dei dæma fyre Straumen, som lyt faa sitt Utløype, og dat er dan same Sykja som blindar dan lydande, so at han vil slita seg laus og ut or dat historiske Faret og som driv honom — med Fridomskravet fyre seg sjølv paa Tunga — til at svivyrda annan Manns Tenkjemaate og til at spotta yver dat som til dessa var Livsens Salt og moralske Kraft. Aa ja, Mannen er seg sjølv lik i sin Vesaldom til alle Tider. Han er endaa, so som dat vardt sagt i Hávamál Tusund av Aar herfyre:

Vesall maðr
ok illa skapi
hlær at hvívetna;
hitki hann veit,
er han vita þyrpti,
at hann er vamma vanr;

elder paa Landsmaal:

Vesal Mann
og ill av Skape

lær aat kvat som helst;
hitt 'kje han veit
som han vita turfte:
han sjølv er ei lytelaus.

H. K.

Innehald.

Sida.

Dikt og Sanning. . . . . 3.
Til Jol. Ei liti Tavla ifraa Nordland. Av J. 15.
Velure-Ætti. Av Kristofer Janson . . 41.
Ute og heima. Av H. K. . . . . 60.

Fraa By og Bygd kostar 60 Skilling um Aaret umfram 10 Skilling i Postpengar, og kann tingast paa alle Posthus i By og Bygd. Dei Landsfolk, som tinga paa Tidskrifti, verda med dat same Lagsmenner i Vestmannalaget. Dat er Meiningen at gjeva ut 24 Ark um Aaret. Dei, som tinga 10 Stykke av Tidskrifti, faa dat ellevte fritt.